

Sendes til: Miljøvernministeren

Stans salget av Songli forsøksgård

Songli forsøksgård med naturreservatet Grytdalen i Sør-Trøndelag er i dag eigd av staten, men står i fare for å bli seld som jaktområde til private interesser. Naturvernforbundet, samla til landsmøte på Hamar 26.-28. august 2011, krever at staten sikrar fortsatt offentlig eigarskap i området og i tillegg at vernet styrkjast slik at Grytdalen kan bli brukt som eit referanseområde for biologisk mangfald.

Noreg har behov for større område med totalvern mot alle typar inngrep og næringsaktivitet. Eit referanseområde for biologisk mangfald er nettopp eit område med ein slik grad av vern. Dei fleste andre landa i Europa har oppretta slike område, men i Noreg er det berre nokre små reservat med tilsvarande vern. Referanseområde for biologisk mangfald er viktig for biologisk forskning, mellom anna for å måle effektar av klimaendringar utan andre påverknader, observere naturleg artssamansetjing utan jakt samt å kartlegge nedfall av sur nedbør og bestandsutvikling av vilt.

Grytdalen med Songli forsøksgård i Orkdal og Snillfjord i Sør Trøndelag er ein ideell kandidat til å bli referanseområde for biologisk mangfald. Grytdalen er eit naturreservat der heile området er i statleg eige, det er stor kunnskap om området gjennom biologisk forskning ved Songli sidan 1954 og det er stort engasjement og samarbeid for eit sterkt vern frå lokalbefolkninga, Orkdal kommune og lokale natur- og friluftorganisasjonar. Det er med andre ord minimale konflikhtar knytt til ei styrking av vernet. Direktoratet for naturforvaltning har forvalta området i mange år, og forskarar frå Norsk institutt for Naturforskning (NINA) og andre norske og utanlandske institusjonar har vore engasjerte i omfattande forskning med utgangspunkt i Songli forsøksgård. Utanlandske forskarar uttrykker at Grytdalen også kan vera viktig som referanseområde og forskning på biologisk mangfald i internasjonal samanheng, til dømes for Skottland og England. NINA uttrykker det slik i brev av 08.06.2011:

“Få skogområde i Noreg er så lite påverka av menneskeleg aktivitet og ligg så nære etablerte forskings- og undervisningsinstitusjonar som Songli. Området har ein stor variasjon i naturtypar. I tillegg er området så stort at det har ein gradient frå kystklima til eit meir kontinentalt klima. Dette gjer det interessant å nytte Songli som referanseområde for mange andre område i Noreg. Samstundes er det óg praktisk mogleg å bruke området som eit referanseområde, grunna kort veg til relevante forskingsinstitusjonar.”

Naturvernforbundet ber Miljøverndepartementet om å sikre varig offentleg eige av Songli forsøksgård og å etablere eit totalvern mot alle former for inngrep i Grytdalen naturreservat slik at det kan fungere som eit referanseområde for biologisk mangfald og biologisk forskning.